

# Det psykososiale skolemiljøet til elevene

Til deg som er forelder



**Brosjyren gir ei oversikt over dei reglane som gjeld for det psykososiale skolemiljøet til elevane. Vi gir deg hjelp til korleis du bør ta kontakt med skolen, og korleis du bør gå fram dersom du vil klage.**

**“Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.”**

**Dette følgjer av opplæringslova § 9a-1.**

## **Godt psykososialt miljø på skolen**

Det psykososiale miljøet på skolen handlar om korleis tilsette og elevar oppfører seg mot kvarandre på skolen. Med psykososialt miljø er det her tenkt på dei mellommenneskelege tilhøva på skolen, det sosiale miljøet og korleis elevane og personalet opplever dette. Det psykososiale miljøet handlar også om korleis elevane opplever læringssituasjonen.

Alle elevar har rett til eit godt psykososialt miljø. Det vil seie at skolemiljøet skal fremje helsa, trivselen og læringa til elevane. Dei skal mellom anna ikkje utsetjast for krenkande ord og handlingar korkje frå medelevar eller lærarar. Krenkande ord og handlingar kan til dømes vere mobbing, vald, rasisme og utestenging, eller enkeltståande utsegner om utsjånaden eller funksjonshemmingar.

## **Elevane si oppleving av det psykososiale miljøet avgjer om det er godt nok**

Det er eleven si eiga oppleving av det psykososiale miljøet som er avgjerande. Dersom det psykososiale miljøet ikkje fremjar helse, trivsel og læring, vil det seie at det psykososiale miljøet til eleven ikkje er godt nok. Rektor, lærarar eller medelevar skal ikkje bagatellisere det eleven opplever. Rektor kan til dømes ikkje vise til at det generelt er lite mobbing på skolen. Dersom eleven opplever at noko er ubehageleg og krenkande, skal skolen ta det på alvor.

## Skolen har plikt til å syte for at elevane har eit godt skolemiljø. Korleis?

Kommunen som eig grunnskolane, og fylkeskommunen som eig dei vidaregåande skolane, har eit særleg ansvar for at krava i opplæringslova med forskrifter blir oppfylte.

Skolen må arbeide aktivt, kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane. Skolen skal ha skriftlege planar for skolemiljøet. Planane skal seie noko om korleis skolen arbeider for å førebyggje, avdekkje, hindre og handtere krenkande åtferd. Ei oversikt over det psykososiale miljøet skal til dømes innehalde ei kartlegging av om elevar blir utsette for vald, mobbing eller utestenging frå fellesskapet av andre elevar eller lærarar.



## KVA SKAL SKOLEN GJERE?

**Skolen har eit spesielt ansvar for at alle elevane har eit godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Kva kan du som forelder vente frå dei tilsette og leiinga på skolen?**

### **Skolen skal sikre at kvar elev har det bra**

Skolen har plikt til å sikre at kvar enkelt elev får oppfylt sin rett til eit godt psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Dei tilsette på skolen har ei særleg plikt til å gripe inn dersom dei mistenkjer eller har kunnskap om at ein elev har blitt eller blir utsett for krenkande ord eller handlingar. Dei skal undersøkje saka, varsle rektor og gripe inn direkte dersom det er nødvendig og mogleg.

### **Skolen skal gripe inn dersom noko skjer**

Alle tilsette på skolen har plikt til å gjere noko dersom dei får vite om eller har mistanke om at det psykososiale skolemiljøet ikkje fremjar helse, trivsel og læring for alle elevane.

At tilsette får vite, gjer at dei har kunnskap om at ein elev blir utsett for noko frå elevar, lærarar eller andre ved skolen. Det kan vere at ein tilsett sjølv ser noko, eller at dei blir fortalde om det. Døme på hendingar kan vere at ein kontormedarbeidar ser at ein elev blir slått eller plaga, eller at ein lærar høyrer at ein elev seier noko negativt om utsjånaden, kleda, trua, den seksuelle legninga eller dialekten til ein annan elev. Tilsette kan òg få høyre om slike hendingar frå eleven som har blitt utsett for det, eller frå andre elevar.

At tilsette har mistanke om noko, inneber ei kjensle eller gjetting om at ein elev blir utsett for krenkande ord eller handlingar. Det kan til dømes vere mistanke om at ein elev blir plaga eller utestengd frå fellesskapen. Får tilsette mistanke om at noko er gale, er det viktig at dei finn ut kva som har skjedd.

## **Skolen skal undersøkje kva som skjer**

Alle tilsette på skolen har plikt til å undersøkje om elevar har opplevd krenkande ord eller handlingar, og finne ut kva som faktisk har skjedd. Det er viktig at dei tilsette undersøkjer saka så fort som mogleg. Dei skal ikkje vente og sjå, men ta tak i det så raskt som mogleg.

## **Tilsette skal gripe inn dersom det er nødvendig**

Dei tilsette har plikt til å gripe inn dersom det er nødvendig og mogleg. Dei tilsette på skolen har til dømes plikt til å stanse uønskte handlingar så raskt som mogleg, slik at elevane ikkje blir skadde, eller skadane blir så små som mogleg.

## **Tilsette skal varsle rektor**

Etter at dei tilsette har undersøkt saka og funne ut at dette er noko som skolen bør følgje opp, har dei plikt til å varsle rektor eller leiinga på skolen. Skolen må ha rutinar for når dei tilsette skal varsle rektor, og korleis varslinga skal skje.

## **Kva skal rektor gjere?**


Rektor avgjer kva skolen skal gjere vidare i saka, slik at det psykososiale miljøet til eleven fremjar helse, trivsel og læring for eleven. Rektor har plikt til å syte for at alle sakene det blir varsla om, blir følgde opp. Rektor skal ta tilsette som varslar på alvor, og rektor har òg plikt til å undersøkje saka nærmare, dersom han eller ho meiner det er behov for det. Deretter har leiinga ansvaret for å setje inn tiltak som han eller ho meiner kan gjere situasjonen betre. I tillegg skal rektor informere deg som forelder om kva som blir gjort.

## **Rektor skal gjere eit vedtak dersom foreldra ber om tiltak**

Rektor har òg plikt til å behandle førespurnader frå deg som er forelder, og frå elevar etter fastsette saksbehandlingsreglar. Dersom du ber om tiltak knytte til det psykososiale miljøet til eleven, skal rektor gjere eit enkeltvedtak, der han eller ho skriv kva for tiltak som blir sette i gang for å forbetre dette.

## Skolen skal ta dykk med på råd

Du som er forelder har, saman med elevane, rett til å bli høyrd! Skolen bør derfor ta deg med i arbeidet med skolemiljøet. Du kan vere med og gi råd til skolen gjennom arbeid i foreldrerådet, arbeidsutvalet i foreldrerådet (FAU) og skolemiljøutvalet.



# KVA KAN DU GJERE DERSOM DU MEINER AT SKOLEMILJØET TIL ELEVANE IKKJE ER GODT NOK?

## Du har rett til å be om tiltak

Skolen skal lytte til deg dersom du meiner at elevane bør ha det betre på skolen! Dersom du trur at ein eller fleire elevar blir erta, mobba eller opplever annan krenkande åtferd, kan du be om at skolen gjer noko med det. Dersom det er barnet ditt som opplever dette, kan du be om tiltak for å betre hans eller hennar psykososiale skolemiljø.

Lova seier at dersom nokon til dømes er utsett for krenkande ord eller handlingar, og eleven eller du som forelder ber om at noko blir gjort, så skal skolen behandle saka. Det er eleven si oppfatning av skolemiljøet som tel.

## Må du vite kva skolen bør gjere for å be om tiltak?

Nei, skolen har ansvaret for at noko blir gjort, men det kan vere lurt at du seier ifrå om at skolen bør gjere noko. Du som forelder har ikkje ansvaret for å foreslå dei beste løysingane, men du kan be om tiltak du trur vil fungere. Du kan òg be skolen setje i gang tiltak som dei meiner er passande, og spørje skolen om kva som blir gjort for å løyse problemet. Dersom du har gode forslag til kva skolen bør gjere, så kan du sjølv sagt be om at skolen høyrer på forslaga dine.

## Korleis ber du om tiltak?

Du kan be om tiltak både skriftleg og munnleg, men vi tilrår at du gjer det skriftleg. Det gjer at du i ettertid kan vise til kva du har bedt om. Du kan be om tiltak per e-post, brev eller på annan måte. Dersom du er usikker på korleis du vil formulere deg, kan du laste ned ein mal frå [www.udir.no/elevenes-skolemiljo](http://www.udir.no/elevenes-skolemiljo).

Du kan kontakte skolen åleine eller saman med andre. Til dømes kan du og barnet ditt saman be om tiltak, eller fleire foreldre kan be om tiltak saman. Foreldrerådet, FAU, samarbeidsutvalet eller skolemiljøutvalet kan òg be om at skolen set i verk tiltak dersom det gjeld ei gruppe elevar.



## Korleis skal skolen behandle førespurnaden?

Dersom du tek kontakt med skolen og ber om tiltak, skal skolen snarast mogleg behandle førespurnaden. Skolen skal følgje forvaltningslova når dei behandlar førespurnaden. Det vil mellom anna seie at skolen skal undersøkje saka og syte for at saka er best mogleg opplyst. Deretter skal skolen fatte eit enkeltvedtak om kva som vil bli gjort i saka.

Førespurnaden din vil vere unnateken det offentlege dersom han inneheld informasjon om personlege tilhøve til ein eller annan. At førespurnaden er unnateken det offentlege, inneber at skolen berre kan fortelje om saka til dei som må vite om saka for å medverke til å løyse ho. Skolen kan be om hjelp frå PP-tenesta eller andre med fagkunnskap for å få sett i gang gode tiltak.

## Kva er eit enkeltvedtak?

Når skolen gjer eit enkeltvedtak, avgjer dei noko som gjeld rettar eller plikter for ein eller fleire personar. Når du ber om at noko blir gjort med det psykososiale miljøet, skal skolen gjere eit enkeltvedtak. Enkeltvedtaket skal seie noko om kva skolen vil gjere vidare i saka, og det skal innehalde ei grunngiving. Vedtaket skal som hovudregel vere skriftleg, og det må innehalde opplysningar om at det er mogleg for deg å klage og om klagefristen.





# KVA KAN DU GJERE DERSOM DU IKKJE ER NØGD MED TILTAKA?

## Du som forelder har rett til å klage

Du som forelder har rett til å klage dersom

- du ikkje er nøgd med tiltaka eller innhaldet i enkeltvedtaket
- skolen ikkje gjennomfører dei tiltaka som er tekne inn i enkeltvedtaket
- skolen ikkje gjer eit enkeltvedtak om tiltak sjølv om du har bedt om det
- skolen ikkje gjer eit enkeltvedtak innan rimeleg tid
- skolen ikkje tek førespurnaden din på alvor
- saksbehandlinga tek lang tid
- det er andre saksbehandlingsfeil

## Når kan du ikkje klage?

Du kan ikkje klage om du ikkje er nøgd med det pedagogiske opplegget, det faglege nivået, kvaliteten på opplæringa eller dei pedagogiske rammene ved skolen.

## Korleis klagar du?

Det er få krav til korleis du skal utforme klagen, men det er ein del ting du bør vere klar over. Skolen har plikt til å rettleie deg, og skal eventuelt hjelpe deg med å utforme klagen dersom du har behov for det.

- Klagen bør vere skriftleg og vere underskriven av deg.
- Det er ein fordel at du nemner det enkeltvedtaket du har fått frå skolen.
- Det er òg lurt at du grunngir kvifor du ikkje er nøgd med dei tiltaka skolen har teke inn i enkeltvedtaket.

- Det kan òg vere ein fordel om du tek med i klagen kva for tiltak du ønskjer, og kvifor du trur desse tiltaka vil fungere betre.

Dersom du er usikker på korleis du skal klage, kan du laste ned ein mal frå [www.udir.no/elevenes-skolemiljo](http://www.udir.no/elevenes-skolemiljo).

## **Når kan du klage?**

Du må klage innan tre veker etter at du har fått enkeltvedtaket, dersom det er innhaldet i vedtaket du klagar på. Dersom du ikkje har fått eit enkeltvedtak innan rimeleg tid, kan du òg klage, og skolen har plikt til å behandle klagen din.



## **Kven sender du klagen til?**

Du skal sende klagen til skolen ved rektor. Fylkesmannen er klageinstansen og har det endelege ordet. Før Fylkesmannen kan behandle saka, må skolen ta stilling til klagen din. Dersom skolen gir deg medhald og endrar vedtaket, sluttar saka der. Dersom skolen ikkje vil gjere endringar, er det skolen som skal sende saka vidare til Fylkesmannen.

Det er Fylkesmannen som er klageinstans, og det er Fylkesmannen som skal behandle og avgjere klagen din dersom ikkje skolen gir deg medhald. Fylkesmannen har myndigheit til å avgjere om den retten eleven har etter opplæringslova kapittel 9a, er oppfylt eller ikkje. Dersom Fylkesmannen finn ut at den retten eleven har, ikkje er oppfylt, kan dei påleggje skolen å setje inn nødvendige tiltak straks.

## **Kven er Fylkesmannen?**

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har ansvar for å følgje opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. Fylkesmannen utfører forvaltningsoppgåver og er klage- og tilsynsmyndigheit med oppdrag frå fleire departement. Fylkesmannen medverkar til å sikre folks rettstryggleik ved å vere klageinstans for ulike kommunale avgjerder, mellom anna i saker som gjeld det psykososiale skolemiljøet til elevane.



# KORLEIS SKAL SKOLEN TA DYKK MED PÅ RÅD?

## Foreldrerådet og FAU

Foreldrerådet og FAU skal arbeide for å skape eit godt samarbeid mellom heimen og skolen og leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hos elevane.

## Skolemiljøutvalet

### Kva er eit skolemiljøutval?

Alle grunnskolar og vidaregåande skolar har plikt til å ha eit skolemiljøutval. Skolemiljøutvalet skal arbeide for at elevane, foreldra, skolen og dei tilsette deltek i arbeidet med skolemiljøet. Skolemiljøutvalet er eit rådgivande organ for skolen. Organet kan ikkje gjere bindande vedtak. Elevar og foreldre skal vere i fleirtal.

## Kvifor delta i skolemiljøutvalet? Korleis kan DU medverke til at skolekvardagen blir betre?

### Du som forelder kan gjere ein forskjell!

Eit skolemiljøutval skal sikre at elevar og foreldre får auka innverknad på skolekvardagen. Som representant i skolemiljøutvalet er det for deg som forelder mogleg å påverke dagen til sonen din eller dottera di.

## Kva for oppgåver har eit skolemiljøutval?

Dersom du blir med i skolemiljøutvalet, får du ansvar for å halde deg orientert om det fysiske og psykososiale miljøet på skolen. Utvalet bør leggje fram forslag om tiltak dersom dei meiner at tilhøva bør bli betre.

Døme på oppgåver er

- å følgje med på at skolen har skriftlege planar for det psykososiale miljøet
- å passe på at planane blir følgde opp i praksis

- å gi råd om kva for åtferd som er akseptabel, og kva for åtferd som skal få konsekvensar

Skolemiljøutvalet kan òg foreslå trivselstiltak for elevane, ta initiativ til å følgje opp resultatata frå Elevundersøkinga og Foreldreundersøkinga, og be om tiltak dersom dei meiner skolen bryt opplæringslova eller forskriftene. Det kan til dømes vere at utvalet meiner skolen har for dårlege rutinar for skolemiljøarbeidet, eller at dei må setje inn tiltak fordi ei gruppe elevar blir utsette for krenkande ord eller handlingar.

## Samansetjing av skolemiljøutvalet

Skolemiljøutvalet i grunnskolen skal bestå av representantar for elevane, foreldrerådet, tilsette ved skolen, skoleleiinga og kommunen. Elevane og foreldra skal til saman vere i fleirtal.

Skolemiljøutvalet i den vidaregåande skolen skal bestå av representantar for elevane, tilsette ved skolen, skoleleiinga og fylkeskommunen. Elevane skal vere i fleirtal.

## Rettleiar for skolemiljøutval

Vi har laga ein rettleiar for medlemmene i skolemiljøutvala, som du kan laste ned frå [www.udir.no/skolemiljoutvalg](http://www.udir.no/skolemiljoutvalg)



## RESSURSAR

Dette er nokre nyttige vegar vidare, dersom du vil setje deg inn i kva for lover og reglar som gjeld for skolen og det psykososiale miljøet. Lovene finn du på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no).

- I opplæringslova kapittel 9a finn du regelverket for skolemiljøet til elevane.
- I opplæringslova kapittel 11 finn du regelverket for brukarmedverknad i skolen.
- I forvaltningslova finn du reglane for korleis skolen skal behandle saka di.

Du kan òg gå inn på [www.udir.no/elevenes-skolemiljo](http://www.udir.no/elevenes-skolemiljo). Der kan du finne malar og annan nyttig informasjon om skolen sitt arbeid med skolemiljøet.

Kontaktinformasjon til Fylkesmannen i ditt fylke finn du på [www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no)

Du kan òg kontakte Foreldretvalet for grunnopplæringa, sjå [www.fug.no](http://www.fug.no).





Schweigaards gate 15 B  
Postboks 9359 Grønland  
0135 OSLO  
Telefon 23 30 12 00  
[www.utdanningsdirektoratet.no](http://www.utdanningsdirektoratet.no)